



**DET KONGELEGE  
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT**  
*Statsråden*

Statens bygningstekniske etat  
Postboks 8742 Youngstorget

0028 OSLO

Dykkar ref

Vår ref  
07/2788-1 BEE

Dato **22 JAN 2008**

### **Tildelingsbrev for 2008**

Kommunal- og regionaldepartementet følger opp Stortinget sine vedtak og føresetnader gjennom dette tildelingsbrevet, jf. Budsjett-innst. S. nr. 5 (2007-2008) og St.prp. nr. 1 (2007-2008) for Kommunal- og regionaldepartementet.

I tildelingsbrevet stiller departementet til disposisjon løyvingar og det blir gjort greie for kva inntekter som blir føresett i budsjetterminen. I brevet blir det vist vidare til kva satsingsområde og mål som er gjeldande for Statens bygningstekniske etat i 2008.

Departementet er avhengig av at rapporteringa for dei fastsette måla synleggjer måloppnåing for dei oppgåvene, midlane og fullmaktene som er delegert til Statens bygningstekniske etat. Midlane skal bli brukte på ein effektiv og forsvarleg måte.

Tildelingsbrevet har følgjande disposisjon:

- I. Overordna målsetjingar for 2008
- II. Andre oppgåver
- III. Budsjettildeling
- IV. Styringsdialog og rapportering
- V. Relevante dokument

## **I. OVERORDNA MÅLSETJINGAR FOR 2008**

Departementet vil framheva følgjande satsingsområde for Statens bygningstekniske etat for 2008:

- Arbeidet med nye forskrifter og rettleiingar til plan- og bygningslov, og arbeidet med å auka aktørane sine kunnskapar om desse.
- Arbeidet med å styrkja tilliten til sentral godkjenning.
- Arbeidet med å auka bruken av ByggSøk i kommunane og byggjenæringa.

Statens bygningstekniske etat skal sjå til at oppgåvene blir utførde innanfor dei lover, reglar og rammer som gjeld, og sørgja for at arbeidet blir gjort innanfor god forvaltings-skikk.

Departementet har utarbeidd hovudmål og arbeidsmål for programområde Bustad, bumiljø og bygg, jf. St.prp. nr. 1 (2007-2008). Målstrukturen er endra frå 2007.

### **HOVUDMÅL 1: EIN VELFUNGERANDE BUSTADMARKNAD**

Statens bygningstekniske etat har ingen oppgåver under dette hovudmålet.

### **HOVUDMÅL 2: BUSTADER TIL VANSKELEGSTILTE PÅ BUSTADMARKNADEN**

Statens bygningstekniske etat har ingen oppgåver under dette hovudmålet.

### **HOVUDMÅL 3: BYGGJEPROSESSEN SKAL VERE GOD OG EFFEKTIV**

#### **Arbeidsmål 3.1: Meir brukarvennleg og målretta byggjesaksbehandling**

Regjeringa tek sikte på å leggja fram forslag til ny plan- og bygningslov for Stortinget våren 2008. Statens bygningstekniske etat skal arbeida med nye forskrifter til plan- og bygningslova i samarbeid med departementet. Det må settast av nødvendige ressursar til dette arbeidet. I tillegg må det settast av ressursar til eksterne utgreiingar i samband med innføring av universell utforming i gjeldande bygg, og utfasing av oljefyring. Departementet vil koma tilbake med bestillingar og initiativ til samarbeid i eigne brev. Statens bygningstekniske etat vil òg få eit ansvar for å organisera informasjonsarbeidet om forskriftene og endringar i desse.

ByggSøk skal bli vidareutvikla og fornya i samsvar med det nye regelverket som kjem. Følgjande resultatmål vil gjelda for ByggSøk-plan og -bygg i 2008:

- 30-40 prosent av alle byggjesaker skal gå gjennom ByggSøk
- 250 kommunar skal tilby elektronisk mottak av byggjesaker
- 20 kommunar skal tilby elektronisk mottak av plansaker

Departementet ber om at det blir rapportert konkret på desse resultatmåla i kvartalsrapportane.

Statens bygningstekniske etat skal vidareføra samarbeidet med andre fagmyndigheiter og næringa for å bidra til utvikling av standardar og system for effektiv og trygg datautveksling mellom alle ledd i byggjeprosessen. Ressursbruken må avstemmast mot behovet for innsats for å nå resultatmåla for Byggsøk-plan og –bygg for 2008. Statens bygningstekniske etat skal i 2008 vidareutvikla samarbeidet med Noreg digitalt.

Statens bygningstekniske etat skal følgja relevante komitear og arbeidsgrupper knytt til EU, EFTA og EØS, og blant anna gje bistand til departementet ved implementering av direktiv og rettssaker. I internasjonale organ, arrangement og møte som har ein politisk funksjon, eller der deltaking vil handla om norske interesser, skal departementet vera den som er representert. Departementet kan ved særskilt fullmakt be tilsette i Statens bygningstekniske etat om å representera departementet i slike fora.

### **Arbeidsmål 3.2: Auka seriositet og færre byggjefeil i byggjenæringa**

Statens bygningstekniske etat skal medverka til at byggverka våre er trygge. Konstruksjonane skal i høgast mogleg grad tåla naturpåkjenningar, brann og ulik bruk av byggverka.

Statens bygningstekniske etat skal medverka til at den erfaringa og kunnskapen som kjem fram av Byggjekostnadsprogrammet sine prosjekt blir vidareformidla, slik at flest mogeleg aktuelle aktørar kan dra nytte av resultatane. Dette vil gje grunnlag for varige endringar og forbetringar i byggjenæringa.

Kommunal- og regionalministeren har etablert eit sentralt samarbeidsforum på departementsnivå, for å styrkja bustadkjøparen og bustadbyggjaren sin situasjon når dei møter den useriøse delen av byggjenæringa. Statens bygningstekniske etat blir bedt om å ha eit særleg fokus på tiltak som reduserer spelerommet for føretak som er useriøse. Vidare blir etaten bedt om å fremja initiativ som kan vera aktuelle å ta opp i samarbeidsforumet.

Statens bygningstekniske etat blir bedt om å ha fokus på helse-, miljø- og tryggleik knytt til mellombelse konstruksjonar og anlegg. Dette gjeld særleg brakker som er bygt som mellombelse lokale for skular, barnehagar og kontor. Departementet ber om at Statens bygningstekniske etat utarbeider tiltak for å auka det lokale tilsynet med denne typen anlegg.

Omfanget av tilsyn med bedrifter med sentral godkjenning skal auka.

- Resultatmålet for 2008 er oppfølging av over 2000 sentrale godkjende føretak.

Statens bygningstekniske etat skal i 2008 vidareutvikla rutinane for oppfølging av dei føretaka som kommunane melder misnøye om. Rådgiving og rettleiing skal i større grad rettast mot dei delar av næringa der problema oppstår. Føretak som ikkje tilfredsstillar krava, skal fråtakast sentral godkjenning. Statens bygningstekniske etat skal vidareføra praksisen sin med å offentleggjera namn på bedrifter som mister sentral godkjenning. Det blir her vist til brev frå departementet av 26. november 2007.

Departementet viser til at Statens bygningstekniske etat i løpet av 2008 vil leggja om til ny database, der elektronisk oppfølging av føretak skal prøvast ut. Statens bygningstekniske etat blir bedt om å vurdere og eventuelt leggja til rette for at andre nasjonale tilgrensande godkjenningsordningar kan tilpassast gjeldande system der dette er formålstenleg.

### **Arbeidsmål 3.3: Styrkt kompetanse og tilsyn i kommunane**

I 2008 skal Statens bygningstekniske etat stimulera kommunane til å auka tilsynet i byggjesaker og til å stilla krav om uavhengig kontroll i fleire tilfelle enn kva som er tilfelle i dag. Dette gjeld særleg på område der ein veit det oppstår mange byggskadar og byggjefeil.

Statens bygningstekniske etat må styrkja arbeidet med marknadstilsyn og rettleiing om byggjeprodukt, blant anna kravet til dokumentasjon og tilsyn med miljødokumentasjon av byggjeprodukt. Grunnlaget for ei større satsing på dette området skal bli utreda, med ein framdriftsplan for satsinga. Det skal rettast særleg fokus på å klargjera problemstillingar både for bransjen og kommunane, spesielt om importerte byggjemodular.

### **HOVUDMÅL 4: FLEIRE MILJØVENNLEGE OG UNIVERSELT UTFORMA BUSTADER OG BYGG PÅ ATTRAKTIVE STADER**

Eit grunnleggjande mål med bygningslovgivinga er å sikra at byggjearbeidet resulterer i miljøvennlege og universelt utforma bygg med høg person- og materielltryggleik og kvalitetar som fremjar helse. Ein føresetnad for å nå målet er vidareutvikling av lovverket, kunnskapsoppbygging og informasjonsformidling.

#### **Arbeidsmål 4.1: Auka tal på miljøvennlege bustader og bygg**

Statens bygningstekniske etat skal medverka til ei god samordning mellom energikrava i teknisk forskrift (TEK) og krav til ordninga med energimerking som Olje- og energidepartementet har ansvar for. Statens bygningstekniske etat blir bedt om å følgja opp internasjonalt samarbeid på miljøområdet.

Departementet ber Statens bygningstekniske etat og Husbanken om saman å sjå til at nye energikrav fungerer etter intensjonen. Husbanken blir bedt om å medverka i

Statens bygningstekniske etat sitt arbeid med å utvikle statistikkgrunnlag over den faktiske energibruken i bustader og andre bygg. Departementet ber om at det blir halde eit fokus på framtidige revisjonsbehov av energikrava i TEK, og at forskning og utgreiing for å førebu grunnlag for ein revisjon blir støtta. Vidare ber departementet om at det i 2008 blir planlagt informasjonstiltak for å førebu kommunane og næringa på nye energikrav i 2009.

I samarbeid med departementet skal Statens bygningstekniske etat følgja opp forslaga knytt til bygningspolitikken i St.meld. nr. 34 (2006-2007) Norsk klimapolitikk, og i klimaforliket mellom regjeringa og opposisjonen. Departementet vil innan 31. januar 2008 koma tilbake med konkrete bestillingar i denne saka.

Statens bygningstekniske etat skal i 2008 medverka til å betra byggjenæringa sin kompetanse om bruk av miljøriktige byggjevarer og stoff. Dette skal skje gjennom blant anna å stimulera til auka bruk av miljødeklarasjonar og produktbasar. Det blir vist til den fleirårige aksjonen om substitusjonsplikta som Statens forureiningstilsyn (SFT) har sett i gong overfor byggjenæringa hausten 2007.

Statens bygningstekniske etat skal vidareføra stønaden og samarbeidet med Byggemiljø. Statens bygningstekniske etat skal støtta vidareutvikling av Nasjonal database for byggkvalitet med sikte på å få betre datagrunnlag om byggjefeil.

Statens bygningstekniske etat skal vurdere behov for tiltak og samarbeid med byggjenæringa om reduserte byggavfallsmengder.

Statens bygningstekniske etat skal medverka til auka kunnskap og fokus på området innemiljø og helse. Oppdatering av kunnskapsbasen Hus og Helse skal fullførast i løpet av fyrste halvår 2008, og eit informasjonsarbeid skal settast i gong i 2008. Etaten skal òg følgja opp problemstillinga om nye energikrav medverkar til auka fuktproblem i bygg.

Statens bygningstekniske etat skal rapportera om oppfølgjinga av miljøhandlingsplanen i fyrste kvartalsrapport i 2008. Det blir bedt om at Statens bygningstekniske etat avset ressursar til å samarbeida nært med departementet og Husbanken om ein ny miljøhandlingsplan for bustad- og byggsektoren. Den nye planen skal gjelda for perioden 2009-2012.

Statens bygningstekniske etat skal etter behov hjelpe departementet i arbeid med forhold rundt ras - og skredfare, radon i byggjegrunden og andre fareområde. Statens bygningstekniske etat skal òg ta initiativ i slike samanhengar. Statens bygningstekniske etat skal følgja opp relevante resultat frå Klima 2000, medrekna det å vurdere igangsetjing av eit prosjekt for kompetanseutvikling og behov for forskriftsendringar som følgje av resultatata frå Klima 2000.

Statens bygningstekniske etat blir bedt om å setja av 5 mill. kr under kap. 587, post 22 Kunnskapsutvikling og informasjonsformidling til oppfølging av KOBE-prosjektet.

#### **Arbeidsmål 4.2: Auka tal på universelt utforma bustader, bygningar og uteområde**

Det blir forventat at Statens bygningstekniske etat og Husbanken følgjer opp arbeidet som har starta med å utvikle standardar om universell utforming i og til bygg. Det blir vist til arbeidsgruppa som blir leidd av Standard Norge og til informasjonstiltak om nye standardar i relevante fôra.

Statens bygningstekniske etat skal utarbeida rettleiingsmateriale til dei nye heiskrava i TEK. Rettleiingsmateriale må vera tilgjengelig innan 1. februar 2008. Departementet ber om at innspel som kom i høyringsrunden til nye heiskrav om brann og krav til røming blir følgt opp.

Det etablerte samarbeidet mellom Statens bygningstekniske etat og Husbanken om informasjonsprogrammet om universell utforming, skal vidareførast.

#### **Arbeidsmål 4.3: Fleire stader med god byggjeskikk og godt bumiljø**

Statens bygningstekniske etat blir bedt om framleis å ha fokus på arbeidet med god byggjeskikk.

### **HOVUDMÅL 5: EFFEKTIV OG BRUKARORIENTERT FORVALTNING**

**Arbeidsmål 5.1: Open, brukarorientert og velfungerande forvaltning av verkemiddel**  
Statens bygningstekniske etat er eit kompetansesenter innanfor bygningspolitikken og skal rettleia og samarbeida med aktørane i bustad- og byggsektoren. Departementet ber Statens bygningstekniske etat om å gjennomgå nettsidene i 2008 med tanke på målet om at dei skal vera brukarvennlege.

Departementet ber om ei kort utgreiing for kva som må til for å knyta godkjenningsordninga opp til ALTINN. Bakgrunnen for dette er å oppfylle kravet om felles kontaktpunkt, jf. tenestedirektivet. Dette vil innebera at søknader om løyve til lokal og sentral godkjenning skal vera operative på ALTINN. Utgreiinga skal sendast departementet i samband med 1. kvartalsrapport for 2008.

#### **Arbeidsmål 5.2: Effektiv løysing av forvaltnings- og driftsoppgåver**

Departementet er den øvste bygningsstyresmakta for lovforholda i bygningsdelen av plan- og bygningslova. Statens bygningstekniske etat må derfor kontakta departementet ved uvisse rundt tolking.

Departementet viser til Statens bygningstekniske etat sin strategi for åra fram til 2013. Departementet presiserar at denne ikkje erstattar dei politiske føringane i dei årlege statsbudsjetta og i tildelingsbrev. Departementet legg derfor til grunn at strategien blir årleg vurdert ut i frå dei styringssignal som gis i ovannemnte dokument.

## **II ANDRE OPPGÅVER**

### **Kommunikasjon og informasjon**

Statens bygningstekniske etat skal bruka informasjon som eit strategisk verkty som er basert på målgruppetenking. Informasjonsarbeidet skal støtta verksemda sine strategiar, og det skal leggjast opp til eit aktivt informasjonsarbeid. Informasjon bør bli gitt i så god tid som mogleg.

Statens bygningstekniske etat skal orientera departementet i god tid før offentleggjing av utgreiingar som Statens bygningstekniske etat har ansvaret for. Departementet ber om at Statens bygningstekniske etat vurderer utgreiingane i lys av eventuell politisk interesse og konsekvensar.

Statens bygningstekniske etat skal ha etablerte rutinar for når departementet skal bli orientert om saker som kan bli store/vanskelege/kontroversielle i media. Statens bygningstekniske etat må ha tilfredsstillande planar for krisehandtering, medrekna krisekommunikasjon, der kontakten med departementet vil vera ein viktig del.

Det blir forventa at Statens bygningstekniske etat synleggjer oppnådde resultat på politikkområdet sitt. Det blir forventa samtidig at Statens bygningstekniske etat tek kontakt med departementet for avklaring om politisk leiing i departementet skal vera ein del av den konkrete synleggjinga.

### **Risikostyring og intern kontroll**

Statens bygningstekniske etat skal innan 1. oktober 2008 senda departementet ein overordna risikostyring der risikoreduserande tiltak er inkludert. Analysen skal gjerast i samsvar med fastsette arbeidsmål. Departementet skal haldast orientert ved eventuelle uventa endringar i risikobiletet. Strategiplanar og større utviklingstiltak i verksemda skal alltid byggja på risikovurderingar.

Statens bygningstekniske etat skal sjå til at det er etablert god intern kontroll i etaten. Effektive interne kontrollsystem skal sikra at fastsette mål og resultatkrav blir følgt opp, at ressursbruken er effektiv, og at verksemda blir drive i samsvar med gjeldande lover, forskrifter, retningslinjer og anna relevant regelverk.

### **Systematiske brukarundersøkingar**

Regjeringa har sett seg som mål at innbyggjarane i større grad skal kunna påverka kvaliteten og utforminga av dei statlege tenestene. Regjeringa har vidare vedteke at alle publikumsretta statlege etatar skal gjennomføra systematiske brukarundersøkingar, og at resultatane som hovudregel blir gjorde allment tilgjengelege. Departementet ber om at Statens bygningstekniske etat følgjer dette vedtaket, og at det blir rapportert på

arbeidet i 1. kvartalsrapport for 2008 slik at departementet kan bruka innspelet i samband med statsbudsjettet for 2009.

### **Offentlege innkjøp**

#### *Innkjøpsstrategi*

Departementet viser til tildelingsbrev for 2007 der Statens bygningstekniske etat blei bedt om å utarbeide målsetjingar, strategi og planar for innkjøpa sine som inkluderer bruk av elektroniske prosessar. Det blir bedt om at arbeidet blir rapportert på i fyrste kvartalsrapport for 2008.

#### *Handlingsplan for miljø- og samfunnsansvar i offentlege innkjøp*

Regjeringa la fram ein handlingsplan for miljø- og samfunnsansvar i offentlege innkjøp sommaren 2007. Planen inneheld ein eigen miljøpolitikk for statlege innkjøp der det blir stilt konkrete krav til innkjøp av prioriterte produktgrupper, jf. Handlingsplan 2007-2010 T-1467 B Miljø- og samfunnsansvar i offentlege innkjøp. Den einskilde statlege verksemd må sørgja for å følgja opp miljøpolitikken og den skal inngå i det interne styringssystemet.

Vidareføring av miljøleiing (Grøn stat) i statlege verksemder er ein del av handlingsplanen. Miljøleiing er ein dynamisk og kontinuerleg prosess. Det skal gjerast ein årleg revisjon av arbeidet der det blir lagd til rette for kontinuerlege forbetringar. På [www.gronstat.no](http://www.gronstat.no) er det samla rettleiingar, verkty og relevante eksempel i samband med innføring av miljøleiing. Verksemder med omfattande miljøutfordringar blir oppmodne til å innføra tredjepartssertifiserte system for miljøleiing.

I årsmeldinga for 2008 skal følgjande inngå:

- Korleis handlingsplanen er følgd opp i verksemda
- Ein kort rapport om arbeidet med miljøleiing i verksemda

### **Oppfølging av IA-avtalen i staten**

Departementet ber Statens bygningstekniske etat om å følgja opp IA-avtalen i staten, særleg i forhold til mål om å redusera sjukefråværet, behalda og rekruttera personar med redusert funksjonsevne og auka den reelle pensjoneringsalderen. Arbeidet skal rapporterast på i 1. kvartalsrapport slik at departementet kan bruke innspelet i samband med statsbudsjettet for 2009.

### **Integrering og inkludering av personar med innvandrarbakgrunn**

Regjeringa har bestemt at alle statlege verksemder skal setja mål og utarbeida planar for å auka rekrutteringa av personar med innvandrarbakgrunn. Slike mål og planar kan f.eks. inngå i verksemds- og/eller personalplanar. Det skal rapporterast på måloppnåing i årsmeldinga. Dette inngår som eitt av tiltaka i handlingsplanen for integrering og inkludering som regjeringa la fram i statsbudsjettet for 2007. I årsmeldinga for 2008 skal det på denne bakgrunnen rapporterast på:



- Tal og del (i prosent) tilsette (faste og mellombelse stillingar) med innvandrarakgrunn i verksemda den 1.1.2008.
- Kva mål verksemda sette for rekruttering av personar med innvandrarakgrunn i 2008.
- Tal og del tilsette med innvandrarakgrunn den 1.1.2009.

### III BUDSJETTILDELING 2008

Følgjande utgifter og inntekter blir stilt til disposisjon for Statens bygningstekniske etat i 2008:

#### Utgifter

<i>Kap.</i>	<i>Post</i>		<i>Sum i 1 000 kr</i>
587	01	Driftsutgifter	39 800
587	22	Kunnskapsutvikling og informasjonsformidling	9 900

Statens bygningstekniske etat er gitt ei løyving på 39,8 mill. kr over kap. 587, post 1 Driftsutgifter, inkludert drift av ordninga med sentral godkjenning av føretak for ansvarsrett i bygningssaker. Ordninga med sentral godkjenning skal vera til sjølvkost jf. kap. 3587, post 4 Gebyr, sentral godkjenning føretak. Departementet viser til R-112 frå Finansdepartementet av 16. juni 2006.

Driftsposten skal òg dekkje kostnadene i samband med driftinga av ByggSøk.

Statens bygningstekniske etat er gitt ei løyving på 9,9 mill. kr over kap. 587, post 22 Kunnskapsutvikling og informasjonsformidling. Midlane på posten skal blant anna nyttast til utgreiing og informasjon om tema knytt til kommunal, fylkeskommunal og kyrkjeleg eigedomsforvaltning, jf. KoBE-prosjektet.

#### Inntekter

<i>Kap.</i>	<i>Post</i>		<i>Sum i 1 000 kr</i>
3587	04	Gebyr, sentral godkjenning av føretak	15 800

#### Meirinntektsfullmakt

Statens bygningstekniske etat kan i 2008 overskrida løyvinga under kap. 587, post 1 Driftsutgifter mot ei tilsvarende meirinntekt under kap. 3587, post 1 Gebyrer, sentral godkjenning av føretak, jf. Budsjett-innst. S. nr. 5 (2007-2008) romartalsvedtak II.

#### IV STYRINGSDIALOG OG RAPPORTERING

Styringsdialogen mellom departementet og Statens bygningstekniske etat består av kvartalsvise møte og følgjande hovuddokument:

- St.prp. nr. 1 (2007-2008)
- Departementet sitt tildelingsbrev
- Statens bygningstekniske etat sine kvartalsrapportar
- Statens bygningstekniske etat sin årsmelding
- Departementet sitt referat frå styringsmøte
- Økonomiinstruksen

Det skal vera gjennomgåande samanheng og konsistens mellom dei ulike styringsdokumenta, medrekna St.prp. nr. 1, tildelingsbrev, og Statens bygningstekniske etat sin plan for verksemda/sentrale styringsdokument. Alle styringssignal i tildelingsbrevet skal omhandlast i årsmeldinga.

Styringsmøte skal omhandla resultat- og måloppnåing, og dei utpeika satsingsområda skal viast mest merksemd i styringsmøte. Vidare skal møta nyttast for gjensidig informasjon om pågåande arbeid og aktuelle saker i Statens bygningstekniske etat og departementet.

Styringskalender 2008:

Møtedato	Frist for å sende dokumentasjon	Møte	Arrangør
2. april	12. mars	Årsmeldingsmøte	BE
20. mai	29. april	1. kvartalsmøte	KRD
2. september	12. august	2. kvartalsmøte	BE
11. november	21. oktober	3. kvartalsmøte	KRD

#### RAPPORTERING

Nedanfor følgjer ei oversikt over dei konkrete rapporteringane som er gjeldande for Statens bygningstekniske etat i 2008. Departementet minner om at etaten òg må synleggjera status for dei andre oppgåvene som etaten har ansvar for og det som følgjer av tildelingsbrevet for 2008.

<b>Alle kvartalsrapportane</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Satsingsområda og hovudmåla for 2008</li> <li>• Resultatmåla for ByggSøk</li> <li>• Resultatmålet for sentral godkjenning</li> <li>• Oversikt over utgreiingar som BE har ansvaret for, der eventuelle sakar av politisk interesse er markert</li> </ul>
<b>1. kvartalsrapport</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppfølging av miljøhandlingsplanen</li> <li>• Utgreiing for kva som må til for å knyte godkjenningsordninga til ALTINN</li> <li>• Arbeid med systematiske brukarundersøkingar</li> <li>• Status for IA-avtalen</li> <li>• Plan for verksemda 2008</li> </ul>
<b>2. kvartalsrapport</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppdatering av kunnskapsbasen "Hus og Helse"</li> </ul>
<b>3. kvartalsrapport</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ingen særskilte rapporteringskrav</li> </ul>
<b>1. oktober</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Overordna risikoanalyse der risikoreduserande tiltak er inkludert</li> </ul>
<b>Årsmelding 2008</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Status for arbeidet med handlingsplanen for miljø- og samfunnsansvar for offentlege innkjøp</li> <li>• Status for integrering og inkludering av personar med innvandrarakgrunn</li> </ul>

Statens bygningstekniske etat skal utarbeida årsmelding for 2007. Denne skal sendast departementet tre veker før årsmeldingsmøte 2. april 2008. Departementet vil sørgja for at den blir vidaresendt Riksrevisjonen. I årsmeldinga skal Statens bygningstekniske etat presentera ei vurdering av året som har gått. Det skal òg vera ein omtale og vurdering av måloppnåing, samt ein omtale av sjukefråværet og status for likestilling, jf. vedlagde mal. Departementet ber om at det blir rapportert på tiltak som er satt i gong eller blir planlagt i samband med reduksjon av sjukefråvær og fremjing av likestilling.

Statens bygningstekniske etat blir bedt om å senda plan for verksemda for 2008 i samband med 1. kvartalsrapporten.

Kvartalsrapportane skal fokusera på målsetjingar, måloppnåing og effektar av gjennomførte og påtenkte tiltak.

Kvartalsrapportane følgjer kalenderen si kvartalsvise inndeling. Det vil seia at 1. kvartalsrapport skal omhandla perioden 1. januar til 30. mars. Statens bygningstekniske etat skal utarbeida 3 kvartalsrapportar og ein årsmeldinga. Statens bygningstekniske

etat sine kvartalsrapportar og annan relevant dokumentasjon blir sendt departementet 3 veker før styringsmøte, jf. styringskalenderen.

Statens bygningstekniske etat må umiddelbart informera departementet om vesentlege avvik frå dei planar som er vedtatt eller som står i tildelingsbrevet, og fremja forslag om korrigerande tiltak.

## V. RELEVANTE DOKUMENT

- St.prp. nr. 1 (2007-2008) Kommunal- og regionaldepartementet, jf. Budsjett-Innst. S. nr. 5 (2007-2008)
- St.prp. nr. 1 (2007-2008) Statsbudsjettet medregnet Folketrygda (Gul bok)
- St.meld. nr. 1 (2007-2008) Nasjonalbudsjettet 2005, jf. Budsjett-innst. S. I (2006-2007)
- St.prp. nr. 1 (2007-2008) Arbeids- og inkluderingsdepartementet, inkl. vedlegg
- St.prp. nr.1 (2007-2008) Miljøverndepartementet
- Reglementet for og Bestemningar om økonomistyring i staten
- Veileder om evaluering av statlige tilskuddsordninger (Senter for statlig økonomistyring)

Med helsing

  
Magnhild Meltveit Kleppa

## Vedlegg: Mal for likestillingsrapportering for 2007

Kopi:

✓ Riksrevisjonen, [riksrevisjonen@riksrevisjonen.no](mailto:riksrevisjonen@riksrevisjonen.no), [stale.torstensen@riksrevisjonen.no](mailto:stale.torstensen@riksrevisjonen.no).

✓ Finansdepartementet

✓ Miljøverndepartementet

✓ Barne- og likestillingsdepartementet

✓ Plan- og administrasjonsavdelinga

✓ Kommunalavdelinga

✓ Husbanken

✓ Byggekostnadsprogrammet v/programstyret

**Vedlegg: Mal som skal nyttast ved likestillingsrapporteringa for 2007**

	Tal	Kvinner	Pst.	Menn	Pst.
Toppleiarar					
Mellomleiarar					
Alternativ karriereveg					
Saksbehandlarar					
Kontortilsette					
Sum tilsette					
Gj.snittlig lønnstrinn					
Rekruttert					
Gj.snittlig lønnstrinn nytilsette					
Slutta					
Gj. snittlig overtid					
Redusert arbeidstid					
Fødsels-/omsorgs-/fedrepermisjon					
Sjukefråvær i pst.					
Styreleiar					
Styremedlemer					

Stillingskategoriar iflg. staten sine lønnsplanar. Avvik og spesialstillingar blir forklarar i fotnote. For rapporteringskriterium der verksemda ikkje har data skal ein strek over.